

Budsjett 2011

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet vedtek budsjettet for 2011 slik det ligg føre.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Generelt

Vi legg med dette fram eit framlegg til budsjett for Vestlandsrådet for 2011. Budsjettet for Vestlandsrådet er basert på tilskot frå dei fire fylkeskommunane, som no er på kr 500.000 årleg for kvar partner, til saman kr 2 mill. Medlemsavgifta vart auka frå kr 250.000 til kr 500.000 frå og med 2010 i samband med at det vart tilsett eigen sekretær for rådet.

Generelt kan vi seie at budsjettet er etter måten enkel og oversiktleg ettersom den dekker løns- og driftsutgifter for sekretariatet (leige av kontor, reiser, møteutgifter generelt for rådet, noko sekretærhjelp) samt til plan- og utviklingsarbeid, utvikling av politikkområde, arenabygging, marknadsføring og informasjonstiltak – i tråd med tidlegare budsjettvedtak.

Budsjett 2010

I budsjett for 2010 gjorde ein vedtak om at det vart i første omgang sett av kr 1 mill til drift av sekretariatet, men at ein måtte sjå litt på kva dette endeleg vil kome på etter at året var omme. I tillegg såg ein føre seg at kr 150.000 skulle gå til informasjonsmateriell, internett, dekking av utgifter for foredragshaldarar, møteverksemd (m.a. fellesmøtet med fylkesutvala), ekstrautgifter for AU m.v. I tråd med sak 10/09 gjorde Vestlandsrådet vidare eit prinsippvedtak om å løyve kr 100.000 til NORA, og at årlege løyvingar skulle inkorporerast i den årlege budsjetthandsaminga. I budsjettet for 2010 vart det òg sett av inntil kr 200.000 til kartlegging av marine og maritime næringar på Vestlandet. I samband med delegasjonsreise til Kina og EXPO 2010 var ein innstilt på å nytte noko midlar, men kunne ikkje på det tidspunktet skissere noko eksakt sum.

Rekneskap 2010

Det ligg naturleg nok ikkje føre noko endeleg rekneskap for 2010. Men vi har ein rimeleg god oversikt over utgiftene slik at vi kan seie noko om i kva grad rekneskapen samsvarer med budsjettet. Vi vil kome attende med eit fullstendig rekneskap når det ligg føre for 2010.

Pr dags dat er det brukt ca 1,5 mill for 2010. Forbruket vil likevel bli større m.a. fordi leige av lokale, kontorhjelp osv ikkje er rekna inn. Det er elles nytta noko meir til informasjonsmateriell enn antyda i budsjettet for 2010. Det skuldast at det er både trykt nye brosjyre for Vestlandet "Vestlandsrådet – ny plattform", laga eigen roll-up "Vestlandsrådet – vi utviklar Vestlandet", ny heimeside og produsert t-skjorter "Ferjefritt E39 Vestlandsrådet" – til saman i underkant av kr 200.000. Kartlegginga av marin og maritim verdiskaping er gjennomført og oppdatert med tal frå 2009, til saman ca kr 260.000 (jamfør tilleggslyøyving for oppgradering sak 19/10. I samband med delegasjonsreise til Kina og EXPO 2010 tok alle

deltakarane ansvar for eigne utgifter i samband med sjølve reisa. Men Vestlandsrådet har tatt utgiftene med å engasjere Innovasjon Norge sine kontor i Kina (først og fremst Shanghai) til å utarbeide eit best mogeleg program for turen samt noko diverseutgifter som m.a. leige av møtelokale, presangar, osb, - til saman i underkant av kr 50.000.

Det må elles merkast at fellesmøte mellom fylkesutvala og Vestlandsrådet i Bergen i februar 2010, vart betalt av Vestlandsrådet. Om det skal vere slik i framtida, bør drøftast. Møtet vart etter måten kostbart, nærare kr 150.000.

Det er elles løyvd kr 150.000 for å få gjennomført utarbeiding av ein handlingsplan for samferdsle. Desse kjem likevel truleg ikkje til utbetaling før 2011.

I budsjettet for 2010 vart det òg overført kr 1,7 mill kroner frå 2009 til 2010 til disposisjon slik at ein for 2010 hadde ca kr 3,7 mill til disposisjon, total sett.

Budsjett 2011

Fylkesrådmannen rå til at ein opprettheld medlemsavgifta på kr 500.000 for kvart fylke.

Som for 2010, legg ein opp til at det vert sett av kr 1 mill kr drift av sekretariatet, inkludert leige av kontor, reise, osb.

I tråd med eiga sak om eit prosjekt på Kina-satsing for Vestlandet, rår fylkesrådmannen til at det vert løyvd kr 300.000 til forprosjekt om Kinasatsing. Dette må i første omgang forståast som ei eingongsløyving, og at det må gjerast ei nøye evaluering eter forprosjektet.

Sjølv om det er gjennomført fleire tiltak for å gjere Vestlandsrådet kjent – gjennom eigne brosjyre, ny heimeside, t-skjorte aksjon, osb – må ein framleis ha midlar til nye informasjonstiltak. I tillegg er det planar om fleire konferansar, delta på arenabygging, gjennomføre tiltak, osb. Fylkesrådmannen rår der for til at det vert sett av kr 300.000 til slike tiltak.

Fylkesrådmannen vil elles gjere framlegg at løyvingar utover dette, kr 400.000, vert delegert til AU å ta avgjersle om. I tillegg står løyvingane frå tidlegare år urørd i dette framlegget.

Det er elles lagt fram sak i dette møte om å nytte kr 60.000 til kartprogram for å presentere resultatata frå kartlegging av marine og maritime næringer på Vestlandet.

Budsjettet for 2011 vil elles ha med seg ei akkumulert overføring frå 2010 på kr 1.7 mill kroner, likevel med atterhald om endeleg rekneskap for 2010. Fylkesrådmannen meiner det kan vere grunnlag for å ei form for "amnesti" med omsyn til neste års medlemskapsinnbetaling frå fylkeskommunane, i fall ein ser det ikkje er nemneverdig endringar i aktiviteten.

Budsjett Vestlandsrådet 2011

Post	Utgifter	Inntekter
Info-materiell, arrangere konferansar/seminar,	240	
Kartløyising, maritim strategi	60	
Forprosjekt Kina	300	
Til disposjon, AU	400	
Sekretariat inkl leiga av lokale, utstyr, osb	1 000	
Medlemsavgifter		2000
	2000	2000
Akkumulert overføring frå tidlegare år til 2011	1700	